



Fruktprognose pr. 1. august 2020 frå Fruktlagerinspektøren

Fruktavlinga i år ser ut til å verte redusert med minimum ca 30% samanlikna med 2019. Årsaka er lang blomstringstid, kulde og noko vekselbæring då sesongen 2019 var ein svært god sesong. Den største svikten er for plommer, der vert det ein reduksjon på 70%.

Tabellen viser samla fruktavling for 2019 i tonn samanlikna med avlingane frå 2010 til 2019 – i tillegg har vi prognose for sesongen 2020 og for 2023.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Prognose 2020	Prognose 2023
Eple	7585	5254	5910	6 754	7 740	5 205	7 632	6 877	7469	8302	6305	10 033
Pærer	220	191	170	120	250	109	147	159	444	281	440	500*
Plommer	1039	922	818	1 290	1 143	1 174	1 165	1 709	1527	1959	635	1 919
Moreller	329	359	405	488	583	384	491	447	668	496	408	880
Sum	9 173	6726	7303	8 652	9 716	6 872	9 435	9 192	10 108	11038	7788*	13 332

*I tillegg vil marknaden ta imot ca 700-800 tonn frukt utanom fruktlagera.

Morellprognose 2020

Morellprognosen viser at avlinga kan verte ca 400 tonn i 2020. Det er noko mindre avling enn i 2019. Pr 1.august er det levert 210 tonn

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Levert pr 1 august	Prognose 2020	Prognose 2023
329	359	405	488	583	384	491	447	668	496	210	408	880

Med veke 32 og 33 så er morellesesongen 2020 ferdig. Det er Lapins som er hovudsorten no.

Plommeprognose 2020

Etter siste oppdatering av prognose er vi nede i 635 tonn med plommer. Vi har ikkje statistikk tilbake i tid med så lite plommer.

Prognosen seier ca 70% reduksjon i høve til 2019.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Prognose 2020	Prognose 2023
1039	922	818	1 290	1 143	1 174	1 165	1 709	1527	1959	635	1 919

Det blir haustestart i veke 34. Når august er ferdig er det ikkje mange norske plommer igjen.

Pæreprognose 2020

Ingen endring av pæreprognosen som viser at det vert mykje større avling i år enn i fjor. Det vert på nivå med 2018.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Prognose 2020	Prognose 2023
220	191	170	120	250	109	147	159	444	281	440	500*

Epleprognose 2020

Ingen endring frå 01.07.20. Epleprognosen syner at det truleg vert ei avling som er 70-75% av fjoråret. Tidlegeple kjem i midten av august og Discovery, slik det ser ut i dag, kjem i veke 34/35.

Prognosen er svært usikker då det har vore haglskur i Telemark og Lier/Svelvik-området.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Prognose 2020	Prognose 2023
7585	5254	5910	6 754	7 740	5 205	7 632	6 877	7469	8302	6305	10 033

2011 og 2015 var òg fruktseasongar med låge avlingar og slik det ser ut no, nærmar vi oss avlingsnivået frå 2015. Ein anna effekt av liten avling, er mangel på råstoff til produksjon av sider og juice.

Lofthus 4. august 2020

Leif Øie